

Familie - januar 9. trinn

Kven bestemmer?

1. Start timen med [SERVED - La meg være ung - YouTube](#)



La elevane snakke saman 2 og 2:

- Kva er grunnen til at artisten og Ungdata viser så ulike haldningar til foreldre?

2. Kva slags rettar har eigentleg ein ungdom?

12	Det skal leggjast stor vekt på kva barnet meiner (Barnebøe §31)
15	Barnet avgjer sjølv spørsmål om val av utdanning og om å melde seg inn og ut av foreiningar (Barnebøe §32)
15	Kriminell liggjel: Lovbrent kan bli straffa av politi og domstol (Straffeloven §46)
16	Seksuell liggjel: Det er ikke straffbart å ha seksuell omgang med omgålem som har fått 16 år (Straffeloven kap. 20, §39a og 30).
16	Du er heilettelting myndig. Rett til å samtykke i heilettelting, rett til å bestemme kven som skal vite kva om heila d. (Pasiens- og brukerrettighetslova §4-4)

Vis vedlegg/bilete med nokre av dei rettane ungdommen har. Sjå gjerne meir på lovene som ligg på vedlegget om ungdom sine rettar.

3. 4 hjørne-øving

Ungdommen får no eit dilemma og skal stille seg opp i det hjørnet som passar best for seg. Merk hjørna 1-4, ha teksten på skjermen og les den for dei. Om det er tid må du gjerne la dei argumentere litt for valet sitt.

Dilemma 1:
Marlene ynskjer seg ei spesiell bukse som ho liker veldig godt og fleire av dei andre jentene i klassa har. Ein dag Marlene og faren er på shoppingtur og Marlene blir nøkt å kjøpe denne buksa. Faren seier at Marlene ikke kan bruke den fordi den er kort. Anklane blir nakne og ho blir kald.
1. Marlene burde bestemme dette sjølv. Dersom ho frys er det hennar problem.
2. Faren må få bestemme dette fordi det er han som skal betale for buksa.
3. Marlene kan føreslå å bruke denne buksa berre når det er varmt ute.
4. Andre alternativ?


Dilemma 1: Marlene ynskjer seg ei spesiell bukse som ho liker veldig godt og fleire av dei andre jentene i klassa har. Ein dag Marlene og faren er på shoppingtur og Marlene blir nøkt å kjøpe denne buksa. Faren seier at Marlene ikke kan bruke den fordi den er kort. Anklane blir nakne og ho blir kald.

Dilemma 2:
Rasmus skal søkje seg til vidaregåande skule. Han har lyst å søkje media og kommunikasjon fordi han har ei interesse for dette. Pappaen meiner han skal søkje seg inn på tømrarfag fordi det er dette han driv med, og han ser at dette er behov for fleire i dette yrket.
1. Rasmus skal bestemme dette sjølv. Han må gjøre seg interessert i.
2. Rasmus skal høyre på faren sin. Han har tross alt meir erfaring og det er godt med støtte heimanfrå når ein skal ta eitt så stort val.
3. Rasmus kan føreslå å starta på media og kommunikasjon for å sjekke om dette er noko for han, så kan han vurdere noko anna dersom dette ikkje passer.
4. Andre alternativ?

Dilemma 2: Rasmus skal søkje seg til vidaregåande skule. Han har lyst å søkje media og kommunikasjon fordi han har ei interesse for dette. Pappaen meiner han skal søkje seg inn på tømrarfag fordi det er dette han driv med, og han ser at dette er behov for fleire i dette yrket. Då er han sikra jobb.

Dilemma 3:
Lina har lyst til å spele bowling på fritida, men foreldra hennar seier nei fordi dette er ein rar aktivitet å drive med på fritida. Foreldra meiner dei kan bestemme dette er dei som betaler.
1. Foreldra kan bestemme kva fritidsaktivitet ein skal drive med fordi det er dei som betaler.
2. Lina skal bestemme sjølv kva ho vil drive med og burde få ta del i minst ein fritidsaktivitet.
3. Lina kan inngå ein avtale med foreldra om at ho skal ta del i bowling heile året, sidan foreldra må betale for heile året.
4. Andre alternativ?

Dilemma 3: Lina har lyst til å spele bowling på fritida, men foreldra hennar seier nei fordi dette er ein rar aktivitet å drive med på fritida. Foreldra meiner dei kan bestemme dette er dei som betaler.



4. Dette er noko av det andre ungdommar meiner at foreldre og ungdom skal bestemme. Kva er du einig i og kva er du ikkje einig i? Kvifor?

Vis også bildet som viser fargekode, og bildet som viser kva andre ungdommar har svart. Sjå pdf-vedlegget som seier meir om desse resultata.

5. Sjå denne filmen: [Fighting Fair: How Do You Resolve Conflict? - YouTube](#) Og bruk brosjyrane med familieferdigheiter til øving i grupper. Desse ligg i den gråe boksa nedst på sida.

